

REGULERINGSFØRESEGNER.

§ 1.

Reguleringsføresegnene gjeld for område som på plankartet er vist med reguleringsgrense.

Heile det regulerte område, bortsett frå private vegar, går tilbake til skogbruk når uttak av masser er avslutta.

§ 2.

Området er regulert til følgjande formål.

2. Landbruksområde: Skogbruk.

5. Fareområde: Høgspenline.

6. Spesialområder:

-Verneskog

-Steinbrot

-Privat veg

§ 3.

Landbruksområde:

-Skogbruk.

I områda som er regulert til skogbruk skal området der tidlegare steintipp har lege setjast istand slik at skog kan etablerast, ved planting og ved naturleg innvandring (frøformering) av stedefegen vegetasjon.

§ 4.

Fareområde:

Det går ei høgspenline frå Statkraft sitt tunnelinnslag nordover og ut av planområde. Faresona vert regulert i ei bredde på 12 m.

§ 5.

Spesialområde:

Verneskog: I område som er regulert til verneskog skal beståande skog skjøttast og supplerast på ein slik måte at den gir best mogleg skjerming av steinbrotet. Uttaker er ansvarleg for pleie av verneskogen. Flatehogst er ikkje tillatt.

Steinbrot: I dette området kan det brytast stein og takast ut masser, samt setjast i verk lagring og tilverking av produkt med grunnlag i desse materiala. Det kan også lagres brukt vegdekke til gjenbruk.

Produksjon av emulsjonsgrus og andre bitumenbaserte produkt skal foregå på ein slik måte at grunnen ikkje blir forureina. På line med produksjonen skal også bitumentilsatte lagerhaugar, oljetankar, o.l sikrast slik at forureining ikkje skjer. Jamfør forureiningslovens bestemmelser.

Det kan førast opp bygningar og innretningar som er nødvendig for drifta i område. Det skal søkjast om byggeløyve på vanleg måte for desse.

I steinbrotet kan ein bryte til høgde ca. 410. Avslutninga til sideterreng skal ikkje være brattare en 1:1,5. Skrot- og avdekningsmasser skal plasserast innafor det regulerte området avsett for steinbrot.


Ved avslutning av drift skal terrenget planerast slik at det framstår med formasjoner som harmonerer med terrenget omkring. Det skal påførast vekstmasser og plantast skog. Desse tiltaka skal vere avslutta for heile området eit år etter endeleg avslutta drift. Formålet "Spesialområde steinbrot" skal da endrast til "Landbruksområde, skogbruk."

Det skal setjast opp varselskilt langs området avgrensning. Der bruddet er ein fare for allmenn ferdsel skal det setjast opp flettverksgjerde.

§ 6.

Støv og støy:

Arbeidstida i området skal tilpassast reglar frå SFT som i hovedsak seier at drift på slike stader skal skje på verkedagar mellom kl.06.00 - 22.00. Støy i omkringliggjande områder frå verksemda i steinbrotet skal ikkje overskride grenser fastsatt av forureiningsmyndigheitane. Støyskapande verksemd skal ikkje gå føre seg på helgedagar.

Godkjent av Tolke kommunestyre
i møte <u>08.09.1997</u>
Sak nr. <u>62/97</u>
3880 Dalen, den <u>28.11.-97.</u>
 TOKKE KOMMUNE
Ordføreren
Ordfører <u>Bjørn Kjøper</u>